

## **RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURPRIS I NORD-FRON KOMMUNE**

1. Nord-Fron kommune v/utval for helse-, oppvekst- og kultursaker kan kvart år innafor ramma av bevilga beløp dele ut ein kulturpris.
2. Føremålet med kulturprisen er å stimulere og hjelpe fram kulturarbeidet i kommunen. Prisen blir gjeve for aktivt kulturarbeid over lengre tid, eller for særlege einskildtiltak som kjem kulturlivet i Nord-Fron kommune tilgode.
3. Prisen kan bli delt ut til enkeltpersonar, lag/foreiningar eller institusjonar som har tilknytning til Nord-Fron kommune, og som har gjort ein innsats innafor område som blir omfatta av det utvida kulturomgrepet.
4. Prisen kan bestå av ei gave eller eit pengebeløp. Saman med prisen vert det tildelt ein diplom med grunngeving for pristildelinga.
5. Prisen vert delt ut av utval for helse-, oppvekst- og kultursaker som også fungerer som jury. Prisen og fristen for innsending av framlegg til kandidatar vert kunngjort i lokalpressa. Framlegg til kandidatar må vera skriftleg og grunngeve.
6. Prisen vert vanlegvis berre delt ut ein gong til same person, lag/foreining eller institusjon.
7. Prisen kan og bli delt ut som stipend, men da blir det sett som vilkår at det blir gjeve rapport til utval for helse-, oppvekst- og kultursaker om bruken av stipendet.
8. Leiaren av utval for helse-, oppvekst- og kultursaker har ansvaret for at kulturprisvinnaren blir varsla umiddelbart etter at vedtaket er fatta i utvalet, og at prisvinnaren får ei skrifteleg stadfesting i etterkant av møtet.

Vedteke av hovudutvalet for kultursaker 28.08.87, sak 53/87.

Revidert av utval for helse-, oppvekst- og kultursaker 11.09.08, sak 36/08, nytt punkt 8.